HAREID KOMMUNE
Plan, utvikling, byggesak og geodata

Krister B. Kjellevold

Pe-vegen 6
6062 BRANDAL

| Saksnr | Løpenr. | Klassering | Avd / sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2015/428 | 4180/2015 | 40/4 | PUA/ JOH | 27.04.2015 |

**40/4 EIGER AV GRUNN**

Med bakgrunn i dykkar skriv av 25.03.2015 er matrikkelkartet endra slik at det er lagt inn ein liten teig tilhøyrande 40/4 på nordsida av 40/98.
Sidan det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning, er kvaliteten koda på dei innlagde grenselinje der etter.

Vedlagt er utsnitt frå matrikkelkartet som syner teigen.

Ber om eventuell tilbakemelding / merknad på dette snarlig.

Med helsing

Kai-Rune Bjørke
Leiar

Jostein Hånes
Ingeniør

Dette må registrerast inn som ny sak.
Klassering gbnr. 40/4.

Mvh

Jostein Hånes - Avdelingsingeniør
www.hareid.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----
Fra: Krister B Kjellevold [mailto:k-bk@tussa.com]
Sendt: 25. mars 2015 16:09
Til: Jostein Hånes
Emne: 40/4 Eiger av grunn

Hei

Etter møte med dere så hevder eg at vi eig grunn ned ved sentrum.
Ut frå kart Brandal år 1864, kart frå 190/51 samt skyldelings-dokument for 40/98, så meiner eg at vi eig grunn ved sentrum på side 4 i vedlegget merket grønt.

--
Mvh
Krister B Kjellevold
Pe-vegen 6
6062 Brandal
Norge

Partane vart gjorde kjende med, at dei kan innanka skyldskiftet til yverskyn, med umsyn til storleiken åv skyldi og skiftet i marki[1]) og at påkrav um dette må vera gjort til sorenskrivaren innan 3 månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar at me hev gjort arbeidet vårt etter beste skyn og yvertyding i samsvar med den lovnad me hev gjort eller bode oss til å gjera.

Me hev gjort vedtak um at S. Vartdal
skal syta for å senda (levera) skyldskiftet til sorenskrivaren til tinglysing.

S. Vartdal. V Landmark Peder J. Brandal

For tinglysinga kr. 2,–.
Innført i dagboka ved
Søre Sunnmøre Skrivardøme

*Godteke til tinglysing*

*Tinglyst ved* ..................

med nr. 113 den 22/1 19 37.
Innført i gnb. 8 II. bl. 113 ½.
~~personregistret.~~ Hm. 56–257.
~~Hefta vert påførde for kr. 2.~~
~~Hefte:~~

Den fråskilde part hev fenge g.nr. 40 br.nr. 98.

[illegible]

For tinglysingi kr.

---

1) Det som ikkje høver, stryk ein.

Nr. 531.
Haraldsson, Baardsen & Co., Halden. 2–3–34.

Dagbok nr. 113 1937 (22/1)
Søre Sunnmøre Skrivardøme

40/98

# Skyldskifte.

År 1937 den 19 januar heldt underskrivne menn, som er upnemnde av lensmannen, skyldskifte yver garden Brandal
som Anders K. Brandal
no eig og hev g.nr. 40 br.nr. 4 av skyld mark 2,68 i Hareid
tinglag, meddi eigaren hev selt ein part av garden til Nelly K. Brandal

Mennsuppnemningi fylgjer. Av mennene hev alle

gjeve fyreskriven lovnad som skynsmenn.

Desse møtte: 1) Seljar og kjøpar møtte og viste grensorne

Mennene valde til formann S. Vartdal.

For den parten av garden som er fråskild vart sette desse

**grensone: 2)**

Den fråskilde parten grensar mot vest til riksvegen med ei lengd av 12 m. til gjøingen åt heimebruket, mot nord gjeng grensa frå riksvegen langs den førnemnde gjøing med ei lengd av 27,5 m. til nedsett bytestein, frå denne bytestein gjeng grensa mot aust med ei lengd av 12 m. til nedsett bytestein, frå denne bytestein gjeng grensa mot syd med ei lengd av 30,5 m til nedsett bytestein med riksvegen.

---

1) Dersom nokon part eller granne som hev interesse i skyldskiftet *ikkje* møter, må det verta sagt frå i tenesta um det er prova at dei er varsla, eller forsovidt vedkjem grannane, um det er funne uturvande å varsle dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslovi).

2) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslovi. Grensone mot granneeigedom må ein ikkje skriva noko um, dersom eigarane av desse ikkje er tilstades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter påkrav av partane ogso skifta i marki i samband med skyldskiftet (§ 7 i lovi), må det i grenseutgreidingi ogso tákast med det turvande um det. –

*Kjøparen skal hava rett til å leggja vass-leidning frå hovudbruket til eigedomen sin, likeins hev han rett å leggja kloakk på eigedomen til sjøen.*

1. Er den eigedom, som vert bytt, jordbruk med skog? *Nei*

2. ~~Fær kvart av bruki etter skiftet den skog dei treng til husbruk og gardstarvende~~?

3. ~~Er den eigedom, som vert bytt, jordbruk med fjellvidder, herunder medrekna fjellvatn, elvar og bekkjer?~~

4. ~~Fær kvart av bruki etter skiftet den turvande fjellvidd~~?

Dersom det vert svara ja på 1ste spursmålet, og nei på 2dre spursmålet, *eller* dersom det vert svara ja på spursmål 3 og nei på spursmål 4, lytt ein ogso svara på nedannemnde spursmål 5—7:

5. ~~Hev heradsstyret samtykt i skyldskiftet~~?

6. Eller finn skyldskiftemennene at det er godtgjort at den parten som vert fråskild eigedomen vil verta nytta til uppdyrking, byggetuft, veg, industribygg eller anna liknande fyremål? *Den fråskilde part skal brukast til byggetuft.*

7. ~~Eller vert eigedomen bytt etter § 14 i «Lov om odels- og åsætesretten av~~ 26. ~~juni 1821~~»?

Me vitnar:

a) At det ved skiftet ikkje er skipa ny sameign. ~~Men me hev likevel samtykt i at utmarki~~

~~kan nyttast ihop av~~

~~meddi me ikkje hev funne det tenlegt å skifta meir enn som gjort er~~[1]) ..

b) At kvart bruk hev fenge eit so høvelegt skap for freding og bruk som dei etter tilhøvi kan få.

Skyldi for de*n* fråskilde part*en* vart set til mark *0,05*

Hovudbruket hev att ei skyld av mark *2,63*

De*n* fråskilde part*en* er gjeve bruksnamnet.[2]) *Myrlitun*

Kostnaderne ved skyldskiftet og tinglysingi av det:[3]) *skal betalast av kjøparen*

---

1) Det som ikkje høver stryk ein.

2) Som bruksnamn må ein ikkje i noko høve velja eit namn som alt er i bruk som slektsnamn og, som ikkje høyrer til dei meir ålgjengne (samfør lov av 9. febr. 1923 nr. 2 § 21. Sjå ogso Justitsdepartementet sitt skriv av 20. juni 1923 III).

3) Dersom det ikkje vert upplyst eller det ikkje av nokon av partane vert gjeve fråsegn um at avtale er gjord um kven som skal bera kostnadene ved skyldskiftet, skal mennene gjera vedtak um korleis kostnadene skal bytast millom partane.